

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 20.01.2014
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Val av revisjonsutval**

Arkivsak
2014/54
Styresak 017/14

Styremøte 05.02. 2014

Forslag til vedtak

1. Styret oppnemnar følgjande styremedlemmer som representantar til styret sitt revisjonsutval:
....., leiar
....., medlem
....., medlem

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Med bakgrunn i at det er oppnemnd nytt styre for Helse Vest RHF er det behov for å velje nytt revisjonsutval.

Fakta

Helse Vest RHF har sidan 2005 hatt ein ordning med revisjonsutval (tidlegare kallt kontrollkomitè og revisjonskomitè). Utvalet er eit underutval av styret og har som føremål å styrke styret sitt fokus på kontroll og tilsyn.

Ordninga med revisjonsutval blei med verknad frå 1. januar 2013 lovfesta, jf. helseføretakslova § 21a som har følgjande ordlyd:

Styret i regionalt helseføretak velger blant sine medlemmer minst tre personer til styrets revisjonsutvalg. Begge kjønn skal være representert. Styreleder kan ikke velges. Minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap og revisjon.

Styret tilsetter leder for internrevisjonen og fastsetter instruks og årsplan for internrevisjonen.

Det er utarbeidd instruks for revisjonsutvalet som følgjer saka som vedlegg. I tillegg er ordninga omtala i «Rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak» der det heitar følgjande:

«Revisjonskomitèen sitt arbeid er ein del av styret sitt tilsynsansvar. Revisjonskomitèen skal halde seg orientert om internrevisjonen sitt arbeid».

Kommentarar

I følgje punkt 2.2 i instruksen for revisjonsutvalet skal styret velje medlemmane av revisjonsutvalet for to år om gangen. Revisjonsutvalet har sidan mars 2012 hatt følgjande samansetting:

- Aud Berit Alsaker Haynes, leiar
- Sveinung Stensland, medlem
- Reidun Johansen, medlem

Ved val av nytt styre for Helse Vest RHF i føretaksmøtet 7. januar 2014 er to av medlemmene i revisjonsutvalet no gått ut av styret, og det er derfor behov å gjere nytt val av revisjonsutval.

Vedlegg:

Instruks for revisjonsutvalet i Helse Vest RHF